

Søknad om næringsbidrag / Søknad om særskilt økonomisk hjelp

Les rettleiinga på side 2 før blanketten blir fylt ut.

Søknaden gjeld			
<input type="checkbox"/> Næringsbidrag (fyll ut side 1 og 4)	<input type="checkbox"/> Særskilt økonomisk hjelp (fyll ut side 1 og 3)	<input type="checkbox"/> Begge støtteordningane (fyll ut side 1, 3 og 4)	
Personopplysningar			
Fødselsnummer (11 siffer)		Etternamn og fornamn	
Bustadadresse		Postnr	Poststad
Telefon privat	Telefon arbeid	Mobiltelefon	
Skattekommune		Bankkontonr	
Sivilstand			
<input type="checkbox"/> Einsleg	<input type="checkbox"/> Gift	<input type="checkbox"/> Sambuar med felles barn	<input type="checkbox"/> Sambuar <input type="checkbox"/> Registrert partner
Teneste i Sivilforsvaret			
Grad	Tenestestilling	Avdeling	
Kva SF-distrikt høyrer du til?		Motteke innkalling (dato)	
Innrykksdato	Dimisjonsdato	Tal reisedagar i tillegg til innrykks-/dimisjonsdagane	
Attest frå arbeidsgivar (gjeld søknad om særskilt økonomisk hjelp)			
Namn på arbeidsgivar			
Adresse		Postnr	Poststad
Telefon	Telefax	Får arbeidstakaren løn under øvinga? <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Dersom ja, gi opp nettobeløpet
Stad og dato	Arbeidsgivaren sitt stempel og underskrift		
Eigenfråsegn			
<p>Eg stadfestar at opplysningane over er rette, og eg er klar over følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> - at urette eller opplysningar eg ikkje legg fram kan føre til straffeansvar - at endringar som påverkar søknaden straks skal meldast frå til DSB eller SF-distrikt - at eventuell annan offentlig stønad må givast opp - at opplysningane òg kan bli kontrollerte av annan offentlig styresmakt 			
Stad og dato	Underskrift		

Rettleiing

Næringsbidrag

Næringsbidrag er ein økonomisk stønad til næringsdrivande tenestepliktig mannskap og befal som er kalla inn til øving/kurs i Sivilforsvaret.

Næringsbidrag kan bli innvilga med grunnlag i økonomien til næringsverksemda.

Hvem kan søkje

Du kan søkje viss du eller ektefellen din eig og driv eiga næringsverksemd, aksjeselskap eller andelslag eller tilsvarende. Ein føresetnad er at hovudinntekta di kjem frå verksemda. Det blir som hovudregel ikkje gitt næringsbidrag til verksemdar som har meir enn 3 årsverk. Det kan gjerast unntak frå hovudregelen dersom resultatet blir urimeleg.

Næringsbidrag kan bli gitt:

1. *Ved støtte til faste kostnader når verksemda heilt eller delvis blir lagt ned under tenesta (nedlagt drift).*

Næringsbidraget dekkjer faste løpande kostnader eller din del av desse dersom verksemda representerer meir enn eitt årsverk.

Du kan anten levere ein forenkla søknad der du dokumenterer næringsverksemda, og der du tilkommer minstebeløpet for næringsbidrag, eller du kan velje ein fullstendig søknad der du må leggje ved næringsoppgåve eller fullstendig rekneskap for siste rekneskapsår (du må skilje ut faste kostnader) og sjølvmelding.

2. *Ved stønad til vikarkostnader utover normalt driftsoverskot når ein må leige vikar for å halde verksemda i gang (vikar).*

Driftsoverskot vil seie overskotet i tråd med næringsoppgåve med frådrag for rentekostnader i tråd med sjølvmeldinga.

Det må tilsetjast ein særskilt vikar som erstatter den tenestepliktige. Det skal leggjast fram skriftleg arbeidsavtale mellom den tenestepliktige og vikaren.

Vikarløna må vere rimeleg (tariff-/marknadsløn) og skal vere basert på normal arbeidsdag. Ved utrekning vil feriepengar og arbeidsgivaravgift bli lagt til timeløna. Ved leige av andre næringsdrivande blir den avtalte prisen lagt til grunn.

Barn under 16 år blir ikkje godkjende som vikar.

Minsteløna for næringsbidrag er kr 500,- pr dag og maksimalbeløpet er kr 2000 pr dag. Næringsbidraget er skattepliktig. Det dekkjer ikkje inntekt som fell bort. Næringsbidrag kan bli gitt i tillegg til andre ytingar frå Sivilforsvaret.

Slik søkjer du om næringsbidrag

Viss du meiner at du har krav på næringsbidrag, må du fylle ut side 1 og 4 i blanketten.

Særskilt økonomisk hjelp

Særskilt økonomisk hjelp er ein økonomisk stønad til tenestepliktige mannskap og befal som er kalla inn til kurs/øving i Sivilforsvaret.

Særskilt økonomisk hjelp kan bli innvilga på grunnlag av privatøkonomien til den tenestepliktige.

Kven kan søkje

Du kan søkje viss du, på grunn av tenesta, kjem i ein urimeleg økonomisk situasjon.

Særskilt økonomisk hjelp kan bli gitt

1. *Dersom inntekta di og inntekta til husstanden er lågare enn dei faste bu- og levekostnadene i det same tidsrom.*

Dei totale inntektene og kostnadene til husstanden i øvingsperioden blir lagt til grunn.

Ved utrekning av inntekt blir kompensasjons-, ektefelle- og barnetillegg rekna med, saman med eventuelle andre inntekter husstanden har. Tenestetillegget blir ikkje rekna som inntekt. Utgifter til mat for andre medlemmer av husstanden blir lagt til bu- og levekostnadene.

2. *Til dekking av ekstra kostnader til barnepass, anten ved at det må leigast inn hjelp til barnepass, eller ved at ektefelle/sambuar må ta permisjon utan løn frå jobben sin for å passe barn. Det kan òg bli gitt økonomisk stønad til ekstra reisekostnader. Det må vere eit reelt behov for ekstra barnepass som eit resultat av tenesten.*

3. *Til dekking av spesielle, uventa kostnader som oppstår som eit resultat av tenesta.*

Minstebeløpet for særskilt økonomisk hjelp er kr 350,- pr dag.

Særskilt økonomisk hjelp kan bli gitt i tillegg til andre ytingar frå Sivilforsvaret.

Slik søkjer du om økonomisk hjelp

Viss du meiner at du har krav på særskilt økonomisk hjelp, må du fylle ut side 1 og 3 i blanketten.

Søknadsfrist

Søknaden med vedlegg må sendast til sivilforsvarsdistriktet ditt snarast råd. Viss søknaden blir sendt inn mindre enn 1 månad før tenesta tek til, kan du ikkje rekne med at han blir handsama før etter at tenesta er avslutta. Sender du søknaden inn meir enn 1 månad etter at tenesta er avslutta, vil han normalt ikkje bli handsama.

Vedlegg til søknad om særskilt økonomisk hjelp

(Alle som blir urimeleg belasta økonomisk som eit resultat av øvinga, kan søkje.)

1. Til dekking av faste bu- og levekostnader			
Legg ved dokumentasjon for alle forhold og skattekort			
Inntektstype	Beløp pr måned	Utgiftstype	Beløp pr måned
Eigen nettoinntekt (viss du får ho under tenesta)		Renter/avdrag lån	
Nettoinntekta til ektefelle/sambuar		Renter/avdrag lån	
Barnetrygd		Renter/avdrag lån	
Andre inntekter		Husleige	
Andre inntekter		Strøm	
Andre inntekter		Forsikring bustad	
Andre inntekter		Kommunale avgifter	
Godtgjersler frå Sivilforsvaret		Årsavgift bil	
Ektefelletillegg		Forsikring bil	
Namnet på ektefelle/sambuar		Kostnader til barnepass	
Barnetillegg		Bidragsansvar	
Namnet til barnet / fødselsår		Telefon, berre abonnementsavgift	
Namnet til barnet / fødselsår		Fjernsynslisens (NRK)	
Namnet til barnet / fødselsår		Avisabonnement	
Namnet til barnet / fødselsår		Reisekostnader ektefelle/sambuar	
Namnet til barnet / fødselsår		Andre utgifter (forklar evt i eige vedlegg)	
Kompensasjonstillegg		Andre utgifter	
		Andre utgifter	
Sum inntekter		Sum utgifter	
2. Til dekking av ekstra kostnader ved barnepass			
Gjer greie for korleis du blir påført ekstra kostnader til barnepass. Du må òg leggje ved:			
Ektefelle/sambuar tek permisjon – dokumentasjon på innvilga permisjon utan løn – dokumentasjon på tapt inntekt – skattekort for ektefelle/sambuar – dokumentasjon av forsørgjarbyrde		Ektefelle/sambuar sitt bankkontonummer	
Leige av barnepassar – arbeidsavtale – skattekort for barnepassar – dokumentasjon av forsørgjarbyrde		Ektefelle/sambuar sitt bankkontonummer	
Til dekking av reisekostnader – dokumentasjon av reisekostnader		Ektefelle/sambuar sitt bankkontonummer	
3. Til dekking av uventa kostnader			
<ul style="list-style-type: none"> – dei faktiske kostnadene må dokumenterast – det må følgje med ei forklaring på forholdet – legg ved skattekort 			

Vedlegg til søknad om næringsbidrag

(Sjølvstendig næringsdrivande, eller aktive eigarar av små aksjeselskap, kan søkje)

Søknaden gjeld stønad til			
<input type="checkbox"/> Mellombels nedlegging av verksemd (forenkla søknad)			
<input type="checkbox"/> Nedlegging av verksemd (fullstendig søknad)		<input type="checkbox"/> Vidareføring av verksemda ved bruk av vikar	
Opplysningar om verksemda (generelt – skal fyllast ut av alle)			
Namnet til verksemda			
Adressa til verksemda			
Postnummer		Poststad	
Bransje / type verksemd			
Kor mange årsverk, inkl deg sjølv			
Selskapsform og eigartilhøve			
<input type="checkbox"/> Einmannsføretak		<input type="checkbox"/> Ansvarleg selskap	<input type="checkbox"/> Aksjeselskap
Anna selskapsform			
Eigartilhøve		Angi eigarandel (%)	
<input type="checkbox"/> Du eig heile verksemda		<input type="checkbox"/> Du eig delar av verksemda	
Verksemd som blir mellombels nedlagt			
1. Forenkla søknad (du kan få minstebeløp kr 500 pr dag). Legg ved som dokumentasjon: Kopi av firmaattest.			
Tek du mot løn frå annan arbeidsgivar?		Viss ja, gje opp beløp pr måned	
<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
Har du søkt tidlegare		Viss ja, gje opp siste årstal	
<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		Viss ja treng du ikkje leggje ved dokumentasjon	
2. Fullstendig søknad (du kan få dekt dei faste kostnadene avgrensa til minimum kr 500,- og maksimum 2000,- pr dag). Legg ved som dokumentasjon: – kopi av den siste næringsoppgåva til firmaet eller fullstendig rekneskap frå siste rekneskapsår (du må skilje ut faste kostnader) – kopi av den siste sjølvmeldinga di – kopi av firmaattest (berre for nystarta verksemd)			
Verksemd som skal drivast med vikar			
Legg ved som dokumentasjon: – kopi av den siste næringsoppgåva til firmaet – kopi av den siste eigne sjølvmeldinga di, eller utskrift frå likninga for siste år – arbeidsavtale med vikaren (viss du ikkje nyttar arbeidsavtalen under)			
Arbeidsavtale			
Namn på vikaren			Fødselsnummer (11 siffer)
Bustadadresse		Postnummer	Poststad
Skattekommune	Tilsett (frå – til)	Avtalt timeløn	Dagleg arbeidstid
Arbeidsstad			
Underskrifta til søkjaren		Underskrifta til vikaren	